

Førde kontrollutval

SEKOM-sekretariat

Møtebok

Møtestad: Førde rådhus, møterom 447 Haukedalen
Dato: 15.11.2016
Tid: Kl. 08:30-11:00

Faste representantar som møtte:

Bjarte Urnes
Kari Daltveit
Terje Engvik

Forfall faste representantar:

Britt Dalsbotten
Siw Landro

Fylgjande vararep. møtte:

Magne Dvergsdal

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
34/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
35/16	Skriv og meldingar
36/16	Prosjektrekneskap Hafstad bydel - veg og VA-anlegg
37/16	Prosjektrekneskap: Omsorgsbustader Steinavegen
38/16	Forvaltningsrevisjon: Tilpassa opplæring/spesialundervisning - endra tinging
39/16	Oppfølgingsliste 6-2016
40/16	Eventuelt

Andre som møtte:

SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme
KRYSS Revisjon v/Charles Litsheim og Kari Sygna (sakene 36-37,40/16)
Rådmann Ole John Østenstad (sakene 36-37,40/16) og ass.rådmann Lise Mari Haugen (sakene 36-37/16)

Underskrifter:

Kari Daltveit

Terje Engvik

Bjarte Urnes

M. Dvergsdal

34/16: Godkjenning av innkalling og sakliste

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:
(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak)

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Handsaming i Førde kontrollutval 15.11.2016:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

FØR- 34/16 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

35/16: Skriv og meldingar

Tilråding frå SEKOM-sekretariat
(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak)

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

Handsaming i Førde kontrollutval 15.11.2016:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

FØR- 35/16 VEDTAK:

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

36/16: Prosjektrekneskap Hafstad bydel - veg og VA-anlegg

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret).

Kontrollutvalet viser til revisoruttale frå KRYSS Revisjon datert 13.10.2016 for investeringsprosjekt Hafstad bydel, og rådmannen si saksutgreiing datert 11.10.2016. Kontrollutvalet tilrår at prosjektrekneskapen datert 11.10.2016 for Hafstad bydel vert godkjent slik den ligg føre.

Handsaming i Førde kontrollutval 15.11.2016:

Rådmann Ole John Østenstad og ass.rådmann Lise Mari Haugen møtte og gjekk gjennom grunnlaget for prosjektet og prosjektrekneskapen. KRYSS Revisjon v/Kari Sygna møtte i saka.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

FØR- 36/16 VEDTAK:

Kontrollutvalet viser til revisoruttale frå KRYSS Revisjon datert 13.10.2016 for investeringsprosjekt Hafstad bydel, og rådmannen si saksutgreiing datert 11.10.2016. Kontrollutvalet tilrår at prosjektrekneskapen datert 11.10.2016 for Hafstad bydel vert godkjent slik den ligg føre.

37/16: Prosjektrekneskap: Omsorgsbustader Steinavegen

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret).

Kontrollutvalet viser til revisoruttale frå KRYSS Revisjon datert 4.11.2016 for investeringsprosjekt 1029 Omsorgsbustader Steinavegen, og rådmannen si saksutgreiing datert 27.10.2016. Kontrollutvalet tilrår at prosjektrekneskapen datert 6.9.2016 for Omsorgsbustader Steinavegen vert godkjent slik den ligg føre.

Handsaming i Førde kontrollutval 15.11.2016:

Rådmann Ole John Østenstad og ass.rådmann Lise Mari Haugen møtte og gjekk gjennom prosjektrekneskapen. KRYSS Revisjon v/Kari Sygna møtte i saka.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

FØR- 37/16 VEDTAK:

Kontrollutvalet viser til revisoruttale frå KRYSS Revisjon datert 4.11.2016 for investeringsprosjekt 1029 Omsorgsbustader Steinavegen, og rådmannen si saksutgreiing datert 27.10.2016. Kontrollutvalet tilrår at prosjektrekneskapen datert 6.9.2016 for Omsorgsbustader Steinavegen vert godkjent slik den ligg føre.

38/16: Forvaltningsrevisjon: Tilpassa opplæring/spesialundervisning - endra tinging

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Førde kontrollutval tingar forvaltningsrevisjon – Tilpassa opplæring/spesialundervisning, av KRYSS Revisjon, der det vert sett fokus på følgjande problemstillingar:

- Korleis sikrar kommunen at elevar får tilpassa opplæring/spesialundervisning?
- Har kommunen rutinar som sikrar at sakshandsaminga er i samsvar med lov- og regelverk, og vert rutinane følgde?
- Er det samsvar mellom vedtak om spesialundervisning/tilpassa opplæring og faktisk tilbod.

Frist for levering av rapport: 1.4.2017

KRYSS Revisjon legg fram prosjektplan i kontrollutvalsmøte 6. desember.

Handsaming i Førde kontrollutval 15.11.2016:

KRYSS Revisjon v/Charles Litsheim møtte i saka og gjekk gjennom prosjektplanen.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FØR- 38/16 VEDTAK:

Førde kontrollutval tingar forvaltningsrevisjon – Tilpassa opplæring/spesialundervisning, av KRYSS Revisjon, der det vert sett fokus på følgjande problemstillingar:

- Korleis sikrar kommunen at elevar får tilpassa opplæring/spesialundervisning?
- Har kommunen rutinar som sikrar at sakshandsaminga er i samsvar med lov- og regelverk, og vert rutinane følgde?
- Er det samsvar mellom vedtak om spesialundervisning/tilpassa opplæring og faktisk tilbod.

Frist for levering av rapport: 1.4.2017

KRYSS Revisjon legg fram prosjektplan i kontrollutvalsmøte 6. desember.

39/16: Oppfølgingsliste 6-2016

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering

Handsaming i Førde kontrollutval 15.11.2016:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

FØR- 39/16 VEDTAK:

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering

40/16: Eventuelt

Handsaming i Førde kontrollutval 15.11.2016:

Rådmannen informerte om sak i barnevernet. KRYSS Revisjon er også informert om saka. Bjørn Thomassen har involvert seg i barnevernsaker i Førde, han har teke kontakt med rådmann og revisjonen, og har hatt møte med rådmannen. Rådmannen lova i møte og informere kontrollutvalet. Rådmannen kan ikkje gå inn i enkeltsaker i barnevernet.

Kontrollutvalsleiar og nestleiar har vore kontakta av Bjørn Thomassen, omkring prosessen i barnevernsaker, m.a. videoopptak ved samvær. Kontrollutvalsleiar sender e-postar frå Bjørn Thomassen til SEKOM-sekretariat.

SEKOM-sekretariat tok opp spørsmålet om lukking av møtet før informasjonene vart gitt, men utvalet såg ikkje det som nødvendig, då ein ikkje kom inn på personopplysningar.

Neste møte 6. desember kl. 8:30

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet ynskjer å ta opp saka til handsaming i neste møte. Rådmann og einingsleiar for barnevern vert innkalla i saka.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FØR- 40/16 VEDTAK:

Kontrollutvalet ynskjer å ta opp saka til handsaming i neste møte. Rådmann og einingsleiar for barnevern vert innkalla i saka.